



Harald Rikstad
Flaktveitbotn 32
5135 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1081 - 14/12524

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
15.11.2014

Byggesak Gbnr 22/20 Rikstad - hytte - serviceavtale Biovac minireinseanlegg - ansvarsrettar

Radøy kommune har 22.10.2014 motteke kopi av serviceavtale for Biovac minireinseanlegg.

Det er i sak 013/14, datert 29.01.2014 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova på vilkår av at det vert sendt inn kart som syner plassering og utsleppsstad. Forureiningsmynde i Radøy kommune kan ikkje sjå å ha motteke kart frå dykk.

Me vil også gjera merksam på at arbeida skal godkjennast etter Plan- og bygningslova. Søknadsprosess og utføring skal utførast av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast innanfor ansvarsområda ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeida kan setjast i verk.

Me kan ikkje sjå at det ligg føre søknad om ansvarsrettar etter Plan- og bygningslova og godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen.

Me ber om at nemnde forhold vert ordna snarast og etterspurd dokumentasjon vert sendt kommunen for handsaming.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Rikstad

Flaktveitbotn 32 5135

FLAKTVEIT